



# PLANSTRATEGI 2024 – 2027

Voss herad



## INNHOLD

|   |    |
|---|----|
| FORORD .....                                    | 2  |
| INNLEIING .....                                 | 3  |
| EIT HEILSKAPLEG KUNNSKAPSGRUNNLAG .....         | 4  |
| NASJONALE OG REGIONALE FORVENTNINGAR .....      | 5  |
| UTFORDRINGSBILETET VÅRT .....                   | 7  |
| KLIMA, MILJØ, NATUR OG BEREDSKAP .....          | 8  |
| VOSSINGANE – VEKST, VELFERD OG VIRKE .....      | 8  |
| UTANFORSKAP .....                               | 8  |
| PRIORITERTE PLANOPPGÅVER 2024 - 2027 .....      | 9  |
| REVISJON AV KOMMUNEPLANEN .....                 | 9  |
| KLIMA, MILJØ, NATUR OG BEREDSKAP .....          | 10 |
| VOSSINGANE – VEKST, VELFERD OG VIRKE .....      | 10 |
| UTANFORSKAP .....                               | 10 |
| SAMLA OVERSIKT – PLANOPPGÅVER 2024 – 2027 ..... | 11 |
| LØPANDE OPPGÅVER .....                          | 11 |
| OPPFYLGING AV PLANSTRATEGIEN .....              | 12 |
|   |    |
| VEDLEGG:  |    |
| STATUS PLANSTRATEGI 2020 – 2023 .....           | 13 |
| DEFINISJONAR .....                              | 14 |



## FORORD

Voss herad har dei siste åra fått kjenna på at me er ein del av verda, og at me aldri heilt kan bu oss på framtida. Samfunnet endrar seg raskt og kan føra til at me lyt løysa utfordringar effektivt utan for mykje planlegging. Kriser som pandemi, krig med flyktningar på flukt i Europa, strammare økonomi og større skilnader i samfunnet, flaum og ekstremvær. Alt dette skapar uro og uvisse.

Og, sjølv om heradet har eit visst handlingsrom, vil det vera store og viktige prosessar me ikkje kan styra heilt sjølve. Arbeidet med ny veg og bane mellom Voss og Bergen og realisering av flaumsikringsvern, vil vera døme på dette. Det gjeld å planlegga der utviklinga kan styrast, og samstundes vera budd på dei mogelegheiter og utfordringar me vil møta. Me må gjera dei viktige tinga i rett rekjkjefølge.

Me lyt også tenkja heilskapleg og ha målet om ei berekraftig utvikling av Vossasamfunnet som bakteppe for all planlegging. Berekraftig utvikling handlar om politikk og reiskapen er partnarskap og planlegging. Dei høge ambisjonane som det vert lagt føringar for i Plan- og bygningslova bør løysast nettopp gjennom partnarskap, samskaping og planlegging. Slik får dei folkevalde det aller beste utgangspunkt til å fatta vedtak som bidreg i ønska retning og til ei vidare berekraftig utvikling hjå oss. Berekraftsarbeid er difor ikkje noko som kjem i tillegg til andre oppgåver, men snarare er det eit sett å arbeida på som gjer oss styrka i rolla som samfunnsutviklar og slik vert betre rusta til endring.

God planlegging har me når eit breitt spekter av aktørar involverer og engasjerer seg. Voss herad skal sikra gode medverknadsprosessar i planarbeidet. Heile Vossasamfunnet lyt bidra for at me skal nå dei måla me har.

Med Planstrategi 2024 – 2027 legg me best mogeleg til rette for ei vidare berekraftig utvikling av heradet vårt. Med utgangspunkt i hovudutfordringane «Klima, miljø, natur og beredskap», «Vossingane – vekst, velferd og virke» og «Utanforskap» skal me arbeida målretta med planar og planarbeid i åra som kjem.

Vegen til eit berekraftig, framtidsretta og attraktivt Voss er mot og vilje til endring!

## INNLEIING

### KVA ER KOMMUNAL PLANSTRATEGI?

Planstrategien er fyrste ledd i kommunen sitt plansystem og langsiktige samfunnsplanlegging. Heradsstyret skal minst ein gang i kvar valperiode (fireårsperiode), og seinast eitt år etter konstituering, utarbeida og vedta ein communal planstrategi. Føremålet med planstrategien er å vurdera kva planar som skal utarbeidast og reviderast i valperioden.

Planstrategien omfattar såleis ei drøfting av dei utfordringar kommunen har, val knytt til samfunnsutvikling og arealbruk, og ei samla vurdering av planbehovet. Dette skal bidra til at planlegginga i Voss herad vert behovsstørt og ikkje meir omfattande enn nødvendig. Planstrategien er slik eit verktøy for å kunna ta stilling til kva planoppgåver me skal gjennomføra dei neste fire åra.


Arbeidet med å få på plass ein communal planstrategi er basert på eit breitt kunnskapsgrunnlag som omfattar mellom anna kartlegging av status og utfordringar i heradet, oppdatert folkehelsestatus samt ei kartlegging av kva heradet har hatt av aktivitetar som har relevans for dei mange berekraftsmåla til FN. «Nasjonale forventningar til regional og lokal planlegging 2024 - 2027» og «Utviklingsplan for Vestland 2024 – 2027» er også viktige utgangspunkt.

### PLAN OG STYRINGSSYSTEM I VOSS HERAD

Overordna politiske målsettingar om modernisering, effektivisering og forenkling gjev føringar for kommunane. Utviklingstrekk som ny teknologi, digitalisering, globalisering og konkurranse om kompetente medarbeidarar gjev auka behov for endring og fornying av offentleg sektor generelt, og kommunane spesielt.

Prioriteringar og retning vert også gitt på lokalt nivå. Styringssystemet i kommunen skal ivareta dei folkevalde sitt ansvar for strategisk styring og prioriteringar, og rådmannen sitt ansvar for å setja i verk politiske vedtak og styringssignal.

Ei forenkla hierarkisk framstilling av dei ulike planane i kommunen er vist i figuren under.



## EIT HEILSKAPLEG KUNNSKAPSGRUNNLAG

Ein fyrste versjon av kunnskapsgrunnlaget vart utarbeida i samband med oppstartsmeldinga, og har til diskusjon i Voss Formannskap den 6. juni 2024 vorte noko oppdatert. Kunnskapsgrunnlaget gjev oversikt over utfordringar og status for Voss, og syner at utfordringsbiletet me står ovanfor er både komplekst og samansett.

Kunnskapsgrunnlaget har fylgjande oppbygging:

- Voss som del av verda
- Nasjonale og regionale føringar
- Aktuelle kommunale planar
- FN17 Voss
- Folketalsvekst og samansetjing
- Næringsliv og pendling
- Helse
- Tidleg innsats og førebygging
- Oppvekst og læring
- Kultur og frivilligheit
- Regionsenter og levande bygder
- Transport og infrastruktur
- Tillit og lokaldemokrati
- Kommuneøkonomi
- Risiko, flaum og samfunnstryggleik
- Vegval



Kunnskapsgrunnlaget finn du her: [https://voss.herad.no/\\_f/p1/i391cc038-17e3-4565-8aff-ee3208bdd15c/kunnskapsgrunnlag-strategisk-arbeid-voss-herad-2024-2027.pdf](https://voss.herad.no/_f/p1/i391cc038-17e3-4565-8aff-ee3208bdd15c/kunnskapsgrunnlag-strategisk-arbeid-voss-herad-2024-2027.pdf)<sup>1</sup>

<sup>1</sup> Kunnskapsgrunnlaget vil verta oppdatert og utbetra innan endeleg politisk handsaming av Planstrategi 2024 – 2027. I oppdatert versjon vert det også referansar til [Perspektivmeldinga 2024](#).

# NASJONALE OG REGIONALE FORVENTNINGAR

## NASJONALE FORVENTNINGAR

*Regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunane og kommunane bidreg til å fremja verdiskaping, nødvendig omstilling av økonomien, sikra busetjing i heile landet, redusera klimagassutslepp og tilpassa oss eit klima i endring, vareta natur, viktige friluftsområde og kulturmiljø, effektivisera energibruken, tilby likeverdige tenester, handtera demografiske endringar, motverka mangel på kompetanse og arbeidskraft og sikra gode, likestilte og trygge lokalsamfunn.*

Nasjonale forventningar 2024 - 2027

Regjeringa legg kvart fjerde år fram «[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#)». Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i fylkeskommunalt og kommunalt arbeid med planstrategiar og planar, og skal leggast til grunn for statlege myndigheter sin medverknad i planlegginga. Nye forventningar for 2023 – 2027 vart vedteke ved kongeleg resolusjon 20. juni 2023.

Dei Nasjonale forventningane peikar innleiingsvis på at planlegginga skal fremja ei berekraftig utvikling, då med utgangspunkt i FN sine 17 berekraftsmål, nasjonale klima- og miljømål og føringar lagt i Plan- og bygningslova.



FN sine 17 berekraftsmål

Nasjonale forventningar 2024 – 2027 definerer fem utfordringsområde for regional og kommunal planlegging:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtid
- Samfunnssikkerheit og beredskap

Dei Nasjonale forventningane peikar også på at det er kommunane sjølve som er best eigna til å vurdera kva planar det er trond for i eigen kommune, og at det kommunale sjølvstyret gjev rom for skreddarsydde løysingar for kvart enkelt lokalsamfunn.

Andre relevante nasjonale føringar finn du i [kunnskapsgrunnlaget](#).



## REGIONALE FØRINGAR OG FORVENTNINGAR


Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 er formelt ein regional planstrategi heimla i plan- og bygningslova § 7-1. Fylkestinget skal utarbeida regional planstrategi minst ein gong i kvar valperiode, og seinast eit år etter konstituering.

Utviklingsplanen gjer greie for dei viktigaste regionale utviklingstrekk i Vestland og samfunnsutfordringane. Den slår fast kva som er prioriterte satsingsområde, mål for samfunnsutviklinga i planperioden og kva strategiar som skal nyttast for å nå måla. Statlege og regionale organ og kommunar skal leggja regional planstrategi til grunn for alt planarbeid i regionen

Utviklingsplanen definerer fire breie satsingsområde for samfunnsutviklinga i perioden 2024–2028:

- Velferd og verdiskaping
- Demografi og likeverd
- Klima og natur
- Samarbeid

I tillegg er det formulert eit sett strategiar som skal syne korleis Vestland skal arbeide for å nå måla. Alle strategiar kan bidra til to eller fleire hovudmål. Koplingane mål/ strategiar er synt i figuren under:



Utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028 er venta verta vedteken av Fylkestinget i desember 2024.

Andre relevante regionale føringer finn du i [kunnskapsgrunnlaget](#).

## UTFORDRINGSBILETET VÅRT

Planperioden 2020 – 2023 har vore prega av både store globale og lokale kriser og andre samfunnsutfordringar. Dei viktigaste kan oppsummerast til å vera:

- Koronapandemien (2020 - 2022 )
- Krig i Ukraina og flyktningar i Europa (2022 -)
- Ny storflaum (november 2022)
- Høg prisvekst og renteauke (2022 -)
- Krevjande kommuneøkonomi, og utfordringar knytt til å rekruttera og behalda

I dei fleste tilfella har me ikkje kunna budd oss på krisene i forkant, men måtta «snu oss rundt» og finna løysingar - saman. Og, samstundes som hendingane har minna oss om at Voss er ein del av verda og vert både direkte og indirekte råka av det som skjer global og nasjonalt, syner det oss at me må vera budd på det utenkleige Samfunnet endrar seg raskt og kan innebera at me lyt kunna løysa utfordringar effektivt. Det er viktig med vegval som syner endrings- om omstillingsvilje. I takt med at samfunnet endrar seg er det også trøng for at rolla kommunen har som samfunnsutviklar vert endra og fornya.

Ordskyta under samanfattar utfordringsbiletet vårt:



I arbeidet med Planstrategi 2024 – 2027 vert fylgjande tre hovudutfordringar førande for planarbeidet vårt:

- Klima, miljø, natur og beredskap
- Vossingane – vekst, velferd og virke
- Utanforsk



## KLIMA, MILJØ, NATUR OG BEREDSKAP

Varmare, våtare, villare - det er tre stikkord som kjenneteiknar vêret me kan venta oss i Voss herad som fylgje av klimaendringane. Dei menneskeskapte klimaendringane er lyfta fram som den største utfordringa for livet på jorda. Voss herad skal ta ansvar, feia for eiga dør og bidra konkret og konstruktivt i arbeidet med klimautfordringane. Klimautfordringane er komplekse, og det kan òg løysingane vera. Skal me komma i mål med dei mange strategiane Vossaklima 2030 legg opp til, lyt Voss herad gå føre i eit tett og godt samarbeid med både næringsliv, landbruk, frivillig lagsliv og innbyggjarane våre. Me skal vera eit lågutsleppssamfunn i 2050, og for å oppnå dette treng me dugnad, samskaping og samarbeid i stor skala.

Samtidig vert det varsla at naturkrisa er minst like alvorleg som klimakrisa. Voss herad har ein stor slagen natur og denne naturen skal me ta vare på. Naturen som omgjev oss er ein viktig del av identiteten vår og samstundes noko av det som gjer oss attraktive både som bu- og arbeidsplass – og som stad å besøka. Å ta vare på naturen er også avgjерande for å stoppa tapet av artsmangfald og bremsa global oppvarming.

For oss i Voss herad vert klima også ein sentral del av risikobiletet i framtida. Me kan venta auka nedbør, meir ekstremvêr, temperaturendringar, og andre gradvise endringar som kan få store konsekvensar for helse, landbruk, reiseliv, samferdsle, bygg, anlegg og naturmangfald. Dette gjev nye utfordringar for planlegginga, og eit nytt risiko- og sårbarhetsbilete som påverkar samfunnsutvikling, næringsliv og kvardagslivet til folk.

## VOSSINGANE – VEKST, VELFERD OG VIRKE

Berekraftig vekst og utvikling, samhandling og samskaping mellom frivillig-, offentleg- og privat sektor, skal gje god samfunnsutvikling i Voss herad. Heradet er ansvarleg og medansvarleg for ei rekke tenester og tilbod i lokalsamfunnet, og den offentlege velferda og verdiskapinga i det private næringslivet er uløyseleg kopla i hop. Ein stadig meir krevjande kommuneøkonomi gjer at me i framtida lyt måtta ta vanskelege og viktige vegval.

Å bu og jobba på Voss skal vera attraktivt, og for å møta dei demografiutfordringane me står ovanfor og nå målet om å vera eit sterkt regionsenter med levande bygder må me tenkja nytt, saman. Mangel på nok og rett kompetanse er ei problemstilling me må løysa i lag. Voss herad som kommuneorganisasjon, offentleg sektor, innbyggjarane, frivillig lagsliv og næringslivet må gjennom sterke samarbeid og partnarskap snakka saman om korleis me skal byggja verdas beste herad – ei bygd som er konkurransedyktig i ein stadig skiftande arbeidsmarknad.

## UTANFORSKAP

Me har over lang tid opplevd stor vekst i velstand og rikdom i Noreg. I ei tid der me aldri har sett meir openheit, toleranse og inkludering, ser me òg motsetningar, utanforskap og hat. Uttrykket «utanforskap» skildrar ein situasjon der enkeltmenneske eller grupper av menneske står utanfor samfunnet elles, for eksempel der dei ikkje deltek i arbeidsliv eller ter utdanning, eller der dei manglar språkleg eller kulturell tilknyting til samfunnet elles.

Også hjå oss ser me tendensar til at skilnader vert større - at del born i låginntektshushald aukar, at ungdommar ikkje fullfører vidaregåande utdanning, og at fleire av oss kjenner på einsemd og det å ikkje høre til. Planarbeid som skal realiserast i planbolken 2024 – 2027 skal bidra til at Voss herad får eit meir heilskapleg og målretta utgangspunkt i arbeidet med å minska ulikskap i samfunnet vårt.

## PRIORITERTE PLANOPPGÅVER 2024 - 2027

Styring av verksemda er ein viktig del av arbeidet med å nå måla våre. Kort oppsummert handlar styring om å planleggja, setja i verk, evaluera og korrigera. Voss herad har behov for større grad av samordna planlegging mellom dei ulike sektorane - og saman med andre relevante aktørar. Nye løysingar på kjente samfunnsutfordringar skal realiserast ved at me har planer og planprosessar som stimulerer til kreative og tverrfaglege samhandlingsformer. Målet er at dette skal skapa betre lokalsamfunn, miljømessig gode løysingar og auka konkurransekraft.

### REVISJON AV KOMMUNEPLANEN

Noverande kommuneplan, både samfunnsdel (KPS) og arealdel (KPA), vart vedteken i 2020 etter omfattande prosess. KPS og KPA frå 2020 inneheld mange gode føringar som står seg vidare. Det er difor ikkje behov for ein full revisjon, men me vil prioritera nokre tema for å tydeleggjera viktige omsyn for vidare utvikling.

I vidare arbeidet med ny samfunnsdel (KPS) vil det verta lagt vekt på å gjera denne til eit tydelegare styringsdokument. I arbeidet med samfunnsdelen vil me prioritera å vidareutvikla arealstrategien, i tillegg til å justera mål og strategiar i tråd med utfordringsbiletet, aktuelle «vossaplanar» frå førre planbolk samt nye nasjonale og regionale føringar og lovkrav.

Hovudmålet med å revidera kommuneplanen sin arealdel (KPA) vert å fylgja opp føringar frå kommuneplanen sin samfunnsdel og ny arealstrategi, samt føringar frå Vossaklima 2030, Kulturmiljøplan og ny Naturmangfaldsplan. Arealdelen skal også ta innover seg nasjonale forventningar, mellom anna knytt til tematikk som jordvern, naturverdiar, bustadpolitikk, arealbruk, transport og beredskap.



## KLIMA, MILJØ, NATUR OG BEREDSKAP

Utfordringar knytt til klimaendringar er krevjande og inneber at det lyt takast konkrete grep. I planperioden 2024 - 2027 vil satsinga for å møta dei mange utfordringane knytt til klima, miljø, natur og beredskap vera konsentrert om å fylgja opp dei mange mål og satsingsområde skissert i Vossaklima 2030, Naturmangfaldsplan og SNU Voss.

I tillegg skal fylgjande planar utarbeidast:

- Sti- og løypeplan<sup>2</sup>
- Strategi for besøksforvaltning
- Beitebruksplan
- Pollineringssstrategi (vedlegg til Naturmangfaldsplan<sup>3</sup>)
- VossaROS 2027 - 2031

## VOSSINGANE – VEKST, VELFERD OG VIRKE

Voss skal vera eit sterkt regionsenter med levande bygder. I planperioden 2024 – 2027 vil mykje av strategisk arbeid vera knytt til å realisera allereie vedtekne planar som SNU Voss, Voss i vekst, Kulturkraft, Demensplan og Frivilligpolitikk. Planarbeidet som vert prioritert kommande planbolk skal bidra til å vidare styrka vekstpotensialet vårt og Voss som bu- og arbeidsstad.

Fylgjande planar skal utarbeidast:

- Bustad- og eigedomssstrategi
- Handlingsplan avlop
- Trafikksikringsplan

## UTANFORSKAP

Utenforskap kan ramma alle. Av ulike årsakar står mange i utkanten av eller utanfor fellesskapet. Utanforskap kan også verta forsterka i møte med eit fragmentert hjelpeapparat og mangel på treffsikker innsats. Dette vert ikkje løyst gjennom utviklingsarbeidet vårt i dag. For å få til faktisk endring må me skapa rammebetingelser som gjev rom for nytenkning og som er effektretta, langsigtige og fleksible.

Fylgjande planar skal utarbeidast:

- Temoplan Integrering og mangfold
  - o Handlingsplan førebygging av sjølvmort
  - o Handlingsplan – innvandrarar i arbeid
  - o Strategi kjønns- og seksualitetsmangfold
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan
- Handlingsplan for unge/ psykisk helse (vedlegg til «Tidleg innsats og livsmeistring<sup>4</sup>»)
- Strategi for barnefattigdom (vedlegg til «Tidleg innsats og livsmeistring»)
- Bustadsosial handlingsplan
- Strategi radikalisering/ valdeleg ekstremisme
- Folkehelseoversikt 2027

<sup>2</sup> Sti- og løypeplan skal sjåast i samanheng med utarbeiding av Strategi for besøksforvaltning.

<sup>3</sup> Naturmangfaldsplan er venta vera politisk slutthandsama ved årsskiftet 2024/2025

<sup>4</sup> Kommunedelplan «Tidleg innsats og livsmeistring» er venta vera politisk slutthandsama hausten 2024



## SAMLA OVERSIKT – PLANOPPGÅVER 2024 – 2027

| TITTEL  | MERKNAD        | OPPSTART | VEDTAK | POLITISK STYRINGS GRUPPE <sup>5</sup> |
|---|----------------|----------|--------|---------------------------------------|
| Kommuneplanen sin samfunnsdel                 | Revisjon       | 2024     | 2025   | FPL                                   |
| Kommuneplanen sin arealdel                    | Revisjon       | 2024     | 2026   | FPL                                   |
| Bustad- og eigedomsstrategi                   | Ny             | 2024     | 2025   | FPL                                   |
| Beitebruksplan                                | Ny             | 2024     | 2025   | UKMB                                  |
| Rusmiddelpolitisk handlingsplan – del 1       | Revisjon       | 2024     | 2025   | LEV                                   |
| Temaplan Integrering og mangfold              | Ny             | 2024     | 2025   | LEV                                   |
| Handlingsplan for unge/ psykisk helse         | Ny             | 2024     | 2025   | LEV                                   |
| Handlingsplan avløp                           | Revisjon       | 2025     | 2026   | UKMB                                  |
| Trafikksikringsplan                           | Revisjon       | 2025     | 2026   | UKN                                   |
| Sti- og løypeplan                             | Revisjon       | 2025     | 2026   | UKMB                                  |
| Strategi for besøksforvaltning                | Ny             | 2025     | 2026   | UKMB                                  |
| Pollineringsstrategi                          | Ny             | 2025     | 2026   | UKMB                                  |
| Strategi for barnefattigdom                   | Ny             | 2025     | 2026   | LEV                                   |
| Handlingsplan førebygging av sjølvvmord       | Ny             | 2025     | 2026   | LEV                                   |
| Handlingsplan innvandrarar i arbeid           | Ny             | 2025     | 2026   | UKN                                   |
| Bustadsosial handlingsplan                    | Revisjon       | 2026     | 2027   | LEV                                   |
| VossaROS                                      | Revisjon       | 2026     | 2027   | UKMB                                  |
| Strategi radikalisering/ valdeleg ekstremisme | Ny             | 2026     | 2027   | LEV                                   |
| Strategi kjønns- og seksualitetsmangfold      | Ny             | 2026     | 2027   | LEV                                   |
| Folkehelseoversikt                            | Revisjon       | 2027     | 2027   | LEV                                   |
| Styrka samfunnsutviklarrolla                  | Løpende arbeid |          |        |                                       |
| Utvikla berekraftsindikatorar                 | Løpende arbeid |          |        |                                       |
| Utarbeida tilstandsrapporter oppvekst         | Løpende arbeid |          |        |                                       |
| Klimabudsjett, klima- og arealrekneskap       | Løpende arbeid |          |        |                                       |

### LØPANDE OPPGÅVER

Gjennom heile planbolken vil det verta jobba bevisst og målretta for å styrka rolla vår som samfunnsutviklar og utvikla gode og relevante berekraftsindikatorar. I dette arbeidet vil me kunna dra nytte av ulike satsingar i regi av Vestland fylkeskommune og KS sitt berekraftsnettverk.

Arbeidet med å vidareutvikla rutinar og verktøy knytt til klimabudsjett og klimarekneskap vil halda fram. Dei kommande åra vil dette også omfatta utarbeiding av arealrekneskap og verktøy for klimavurderingar (i samband med utforming av Kommuneplanen sin arealdel).

Tilstandsrapportar for oppvekst vil verta utarbeida jamleg, på lik linje med tidlegare år.

<sup>5</sup> «Politisk styringsgruppe» syner til kva politisk fagutval som skal ha ansvar for den aktuelle planen gjennom heile planprosessen. Dette inneber handsaming av oppstartsmelding, første gongs politisk handsaming og leggja plandokumentet ut til høyring og offentleg ettersyn. Innan endeleg politisk handsaming skal plandokumentet sendast alle relevante kommunale råd for uttale innan dette kjem til handsaming i politisk styringsgruppe og sidan vert sendt vidare til Voss heradsstyre.

## OPPFYLGING AV PLANSTRATEGIEN

Planstrategien skal klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta opp eller vidareføra i valperioden. I takt med at åra går, kan det likevel henda at det vert behov for å justera på både planbehov - og utføring. Planstrategien er heller ikkje formelt bindande, så det er høve til å endra planstrategien i løpet av perioden etter behov.

Det vert lagt opp til ei samla årleg statusrapportering av planarbeida der eventuelle endringar i planbehovet og framdrift i arbeidet vert vurdert. Slik vert det mogeleg å vurdera samla samfunnsmessige, økonomiske og ressursmessige behov og avgrensingar.

Arbeidet med å realisera planstrategien vil heile vegen vektleggja samarbeid og samspele på tvers - internt i organisasjonen, mellom kommunen og innbyggjarane våre, og med andre kommunar, regionsnivå og relevante universitetsmiljø.

Heradsstyret kan når som helst vedta oppstart av nytt planarbeid ut over det som er fastlagt i planstrategien dersom dette er føremålstenleg.



### VEDLEGG:

1. Status Planstrategi 2020 - 2023
2. Definisjonar

## STATUS PLANSTRATEGI 2020 – 2023

[Planstrategi 2020 – 2023](#) vart vedteken i Heradsstyret den 17. desember 2020 og utforma med utgangspunkt i tre hovudutfordringar: «Klima- og klimatilpassing», «Vossingane» og «Utanforskap».

I Planstrategi 2020 – 2023 vart 27 planoppgåver prioritert.

Status for planarbeida per juni 2024 er synt under:

| TITTEL   | OPPSTART | FORVENTA VEDTAK | STATUS JUNI 2024                                   |
|--|----------|-----------------|--|
| <b>Tidleg innsats og livsmeistring</b>           | 2020     | Vår 2022        | Forventa vedtak haust - 24                         |
| <b>Strategisk næringsutvikling (SNU Voss)</b>    | 2020     | Haust 2021      | Vedtak desember – 22                               |
| <b>Vegplan</b>                                   | 2020     | Haust 2021      | Vedtak mars - 24                                   |
| <b>Flaumsikring Vossovassdraget</b>              | 2020     | Haust 2021      | Strategi for klimatilpassing mars– 23              |
| <b>Brannstasjon</b>                              | 2020     | 2021            | Vedtak februar -24                                 |
| <b>VossaROS</b>                                  | 2020     | 2021            | Vedtak juni -23                                    |
| <b>Samfunnsutviklarrolla</b>                     | 2020     | Vår 2022        | Løpende arbeid                                     |
| <b>Inkludering og mangfold</b>                   | 2021     | Vår 2023        | Ikkje starta                                       |
| <b>Klima og klimatilpassing (Vossaklima2030)</b> | 2021     | Haust 2022      | Vedtak november – 22                               |
| <b>Voss i vekst</b>                              | 2021     | Vår 2022        | Vedtak november -22                                |
| <b>Kulturkraft – temaplan for kultur</b>         | 2021     | Haust 2021      | Vert slått saman til ein plan. Vedtak februar - 24 |
| <b>Fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv</b>     | 2021     | Vår 2022        |  |
| <b>Trafikksikringsplan</b>                       | 2021     | Haust 2021      | Vedtak desember – 21                               |
| <b>Sentralidrettsanlegget</b>                    | 2021     | Vår 2021        | Ferdig   |
| <b>Sentrumsutvikling</b>                         | 2021     | Haust 2021      | Vedtak oktober - 23                                |
| <b>Bustadsosial handlingsplan</b>                | 2021     | Haust 2021      | Vedtak mai – 23                                    |
| <b>Udlabutomta/ Vettleflaten</b>                 | 2021     | Vår 2021        | Uavklart   |
| <b>Frivillighetspolitikk</b>                     | 2022     | Vår 2023        | Vedtak juni – 24                                   |
| <b>Pårørandearbeid</b>                           | 2022     | Vår 2023        | Forventa vedtak haust - 24                         |
| <b>Hovudplan vatn</b>                            | 2022     | Vår 2023        | Forseinka  |
| <b>Randsone sentrum</b>                          | 2022     |                 | Oppstart 2024                                      |
| <b>Ivaretaking av naturmangfold</b>              | 2022     | Vår 2023        | Forventa vedtak haust - 24                         |
| <b>Rusmiddelpolitisk handlingsplan</b>           | 2023     |                 | Vedtak juni- 24                                    |
| <b>Folkehelsestatus</b>                          | 2023     | 2023            | November 2023                                      |
| <b>Berekraftsindikatorar</b>                     | løpende  |                 | Løpende arbeid                                     |
| <b>Tilstandsrapporter oppvekst</b>               | løpende  |                 | Løpende arbeid                                     |
| <b>Klimarekneskap</b>                            | løpende  |                 | Løpende arbeid                                     |



## DEFINISJONAR

### Om kommunedelplan:

«Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder. Kommunedelplaner må følge plan- og bygningslovens krav om planprogram, medvirkning, høringsperiode og handlingsdel. Hensikten med kommunedelplaner er å vise veivalg, vise strategier og nødvendige prioriteringer på lang sikt med tydelige koblinger til kommuneplanen.»

### Om temaplanar:

«En temoplan eller fagplan er en plan for et avgrenset tematisk område. Disse planene er ikke underlagt plan- og bygningslovens krav slik som kommunedelplaner er. Hensikten med disse planene er å avklare veivalg, vise strategier og nødvendige prioriteringer på lang sikt, innenfor et temaområde.»

### Om strategiar:

Ein strategi gjev overordna retning for eit fagfelt eller område og skal peike ut vegval, satsingsområde og eventuelt mål. Den inneheld ikkje handlingsplan eller tiltak, men det bør likevel konkretiserast korleis strategien skal fylgjast opp.

### Om handlingsplanar:

Ein handlingsplan syner til allereie vedtekne mål. Måla det vert vist til kan vera vedtatt i ulike planar og frå ulike plannivå. Ein handlingsplan kan såleis vera sektorovergripande. Ein handlingsplan bør estimera eventuelle økonomiske konsekvensar knytt til tiltak som vert planlagt gjennomført.

### Om områderegulering:

«En områderegulering er et arealplankart med tilhørende bestemmelser og planbeskrivelse. Planformen angir bruk, vern og utforming av arealer og fysiske omgivelser (tbl § 12-1). Områderegulering gir nødvendige avklaringer om arealbruk for et større område. Områdereguleringsplaner brukes der det er krav om slik plan i kommuneplanens arealdel eller der kommunen ser behov for å gi mer detaljert områdevis avklaring av arealbruken (tbl § 12-2). Områdereguleringsplaner utarbeides av kommunen. Kommunen kan likevel overlate til andre myndigheter og private å utarbeide forslag til områderegulering.»

### Om detaljregulering:

«En detaljregulering er et arealplankart med tilhørende bestemmelser og planbeskrivelse. Planformen angir bruk, vern og utforming av arealer og fysiske omgivelser (tbl § 12-1). En detaljregulering avklarer forutsetningene for et konkret, avgrenset prosjekt, og brukes for å følge opp kommuneplanens arealdel og eventuelt etter krav fastsatt i en vedtatt områderegulering (tbl § 12-3). Detaljreguleringsplaner kan også fremmes av private.»